



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Pb 8112 Dep  
0032 OSLO

## Skjønnsmidlar 2016 – midlar som ikkje tidlegare er fordelte

I tildeling av skjønnsmidlar for 2016 vart det sett av ein sum på kr 9 970 000 til seinare fordeling. Av dette er 4,3 mill. kroner fordelt og utbetalt til kommunane som fornyingsmidlar.

Restsum kr 5 690 000 skal fordelast slik til kommunane:

K.nr.	Kommune	Beløp kroner
1412	Solund	390 000
1413	Hyllestad	400 000
1430	Gaular	500 000
1432	Førde (prosjektmidlar)	1 600 000
1433	Naustdal	900 000
1439	Vågsøy	900 000
1441	Selje	500 000
1444	Hornindal	500 000

Solund har hatt svak folketalsutvikling dei seinare åra, og har ein sårbar/liten økonomi med små reserver. Kommunen har gjort strukturendringar til ein skule, ein barnehage og samla helse- og omsorgstenestene. Står framfor større oppgåver innan planarbeid som krev vesentlege ressursar, både i 2016 og 2017.

Hyllestad har hatt ei svak folketalsutvikling over tid, som har ført til ein sårbar økonomi. Særleg har utgifter til pleie- og omsorg auka mykje. Kommunen har gjennomført strukturendringar innan dei største tenesteområda, som barnehage og skule. Hyllestad har ein mindre buffer i frie fond.

Gaular er Robek-kommune med eit akkumulert underskot på 4,9 mill. kroner. Kommunen følgjer plan for inndecking av underskot, og skjønnsmidlar skal nyttast til inndecking av underskot.

Kommunane Jølster, Førde, Gaular og Naustdal har gjort vedtak om samanslåing. For å starte arbeidet med å bygge den nye kommunen, er det etablert ein prosjektorganisasjon med prosjektdirektiv fram til fellesnemnda blir oppretta hausten 2017. Til dette arbeidet søker kommunane v/ Førde kommune om skjønnsmidlar på 1,8 mill. kroner. Grunnlaget for søknaden er eit budsjett på 3,250 mill. kroner. Kommunane får eit eige brev om tilsegn på 1,6 mill. kroner av rest skjønnsmidlar for 2016.

Naustdal er Robek-kommune med eit akkumulert underskot på 4 mill. kroner ved inngangen av 2016, og følgjer ein plan for inndekning av underskot. Kommunen har og hatt ekstraordinære utgifter til ei større barnevernssak. Ekstraordinære skjønnsmidlar skal nyttast til omstilling og inndekning av underskot.

Vågsøy får svak vekst i statsbudsjettet for 2017. Dette har samanheng med svak folketalsutvikling og bortfall av ein årleg kompensasjon på 3,4 mill. kroner frå endringar av inntektssystemet i 2011. Det siste blir heller ikkje fanga opp av inntektsgarantiordninga (INGAR). Tildelinga av skjønnsmidlar er meint som «buffer» framfor 2017, saman med at kommunen sjølv må gjennomføre tiltak for å tilpasse seg ramma for frie inntekter i 2017.

Selje kommune hadde eit akkumulert underskot ved inngangen av 2015 på 12,3 mill. Etter tiltak gjennom auka inntekter og reduserte utgifter, klarte kommunen i 2015 å dekke inn 11,5 mill. kroner. Resterande er planlagt dekt inn i 2016. Inndekninga i 2015 får konsekvensar gjennom redusert tenestetilbod, og skjønnsmidlar blir sett i samanheng med inndekning av underskotet. Kommunen har over tid hatt svak folketalsutvikling.

Hornindal har ein økonomi i balanse med ein tilfredsstillande buffer i frie fond. Men dårleg folketalsutvikling dei seinare åra har ført til svak vekst i frie inntekter. Kommunen har utfordringar med små ressursar innan barnevern og oppvekst, og ekstraordinære skjønnsmidlar skal bidra til å sikre innbyggjarane gode tenester. I tillegg må kommunen bidra med ressursar i arbeidet med å bygge ein ny kommune saman med Volda. Arbeidet er planlagt å starte opp før dei økonomiske verkemidlane frå staten blir utbetalte.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til kommunane:

Solund  
Hyllestad  
Gaular  
Førde  
Naustdal  
Vågsøy  
Selje  
Hornindal